



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

Revidert nasjonalbudsjett 2023 og kommuneopplegget for 2024

Statsforvaltaren gir i dette brevet eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2023 og kommuneopplegget for 2024, jf. prop. 112 S.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og distriksdepartementet (KDD). Tala i brevet er for primærkommunane og omfattar ikkje fylkeskommunane.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2023

Pris og lønsvekst

Den pårekna kostnadsveksten for i år er justert opp. Kostnadsdeflatoren er auka frå 3,7 prosent i statsbudsjettet til 5,2 prosent i revidert nasjonalbudsjett, det vil seie med 1,5 prosentpoeng. Større pårekna kostnadsvekst i år skuldast større lønsvekst enn lagt til grunn i statsbudsjettet. Kostnadsveksten for kommunane samanlikna med nivået i statsbudsjettet kan reknast til om lag kr 5,7 mrd.

Kostnadsdeflatoren på 5,2 prosent består av lønsvekst 5,5 prosent (vekt 0,575) og prisvekst kjøp av varer og tenester 4,9 prosent (vekt 0,425). Av pårekna lønsvekst på 5,5 prosent utgjør auka arbeidsgjevaravgift 0,1 prosentpoeng.

Skatteinntekter

I revidert nasjonalbudsjett er pårekna skatt på inntekt og formue i år for kommunane justert opp med om lag kr 4,1 mrd. samanlikna med vedteke statsbudsjett for 2023.

Kompensasjon, kr 2,1 mrd.

Den delen av pårekna kostnadsvekst i år som ikkje blir dekt av auka skatteinntekter, kan på denne bakgrunn reknast til om lag kr 1,6 mrd. (kr 5,7 mrd. - kr 4,1 mrd.). Dette er pårekna netto kostnadsvekst for kommunane i år frå nivået i statsbudsjettet til revidert nasjonalbudsjett.

Det blir lagt opp til å kompensere kommunane for denne netto kostnadsveksten med auka rammetilskot. Fordelinga mellom kommunane av kr 1,6 mrd. blir gjort etter kostnadsnøkkelen i inntektsystemet. Fordelinga i beløp for kvar kommune går fram av vedlagt tabell.



I tillegg blir det lagt opp til ytterlegare kompensasjon til kommunane med kr 0,5 mrd. over rammetilskotet. I utgangspunktet er denne tilleggskompensasjonen kr 92,- per innbyggjar. Fordelinga mellom kommunane blir gjort slik at kommunar som har eit skattenivå i gjennomsnitt for 2021 og 2022 (formue, inntekt, naturressursskatt) som er høgare enn landsgjennomsnittet per innbyggjar, vil få mindre kompensasjon enn kr 92,- per innbyggjar.

For kommunane som har eit skattenivå per innbyggjar som er lågare enn landsgjennomsnittet per innbyggjar, vil kompensasjonen bli større enn kr 92,- per innbyggjar. Kompensasjonen blir gradert slik at jo lågare skattenivå kommunen har, jo større blir kompensasjonen per innbyggjar. Og vice versa. Kompensasjonen i beløp for kvar kommune går fram av vedlagt tabell.

Konsesjonskraftinntekter – trekk rammetilskot

I statsbudsjettet for 2023 var det vedteke eit eittårig trekk i rammetilskotet på kr 2,2 mrd. frå kommunar som har inntekter frå sal av konsesjonskraft i prisområda for Austlandet (NO 1), Sørlandet (NO 2) og Vestlandet (NO 5). Det er i berekninga av trekket blant anna lagt til grunn ein pårekna spottpris på 200 øre/kWh i 2023 for dei tre prissonene.

Etter at trekket vart gjort kjent, har både spottprisane og terminprisane for resten av 2023 gått vesentleg ned. I regjeringa sitt framlegg til revidert nasjonalbudsjett blir trekket i rammetilskotet difor justert ned på bakgrunn av oppdaterte overslag for straumprisane. Oppdateringa av årsoverslaga for straumprisane blir basert på historiske prisar for 2023 og terminprisar for attståande delar av året. Det vil også kunne bli ny justering av trekket i rammetilskotet i samband med nysaldert budsjett mot slutten av året dersom straumprisane blir lågare enn no lagt til grunn.

Det samla trekket på rammetilskotet for kommunane blir med dette redusert frå kr 2,2 mrd. i statsbudsjettet til kr 535,0 mill. i revidert nasjonalbudsjett. Vedlagt tabell syner opphavleg trekk i statsbudsjett 2023, justert trekk i revidert nasjonalbudsjett og derav mindre trekk på rammetilskotet for kvar kommune.

Prinsippa for berekning av trekk er i hovudsak dei same som i opphavleg statsbudsjett. Det er no lagt til grunn ein pårekna spottpris på 100 øre/kWh i 2023 for prissonene. Trekket svarer til 90 prosent av dei pårekna verdiane utover ein gjennomsnittleg pris på 70 øre/kWh.

Den pårekna spottprisen på 100 øre/kWh er også lagt til grunn som eit øvre tak ved berekninga av trekket. Ein kommune som t.d. har rapportert inn fastprisavtalar på over 100 øre/kWh, vil difor også få lagt til grunn ein pris på 100 øre/kWh i staden for den faktiske avtalte prisen.

Trekket på rammetilskotet for konsesjonskraftinntekter blir fordelt på kvar av dei 10 terminane for rammetilskotet i år, det vil seie med 1/10 på kvar termin. Då trekket har vore for stort på dei første terminane i år, vil dette bli justert inn på dei attståande terminane i år. Trekket for heile året vil difor bli slik det er endeleg vedteke for kommunane.

Grunnrenteskatt

Regjeringa la fram ein proposisjon om å innføre grunnrenteskatt for havbruksnæringa 28. mars d.å., og saka skal handsamast av Stortinget før sommaren. Det er ikkje noko nytt i sjølv kommuneproposisjonen om denne saka.

Satsen for grunnrenteskatten er sett til 35 prosent, det vil seie lågare enn i høyringsframlegget på 40 prosent. Grunnrenta vil variere frå år til år, m.a. ut frå utviklinga i prisar og kostnader. Nivået på



skatteinntektene vil difor også variere frå år til år. Minst halvparten av inntektene skal gå tilbake til kommunesektoren.

Regjeringa har gått bort frå framlegget i høyringa om å innføre ein naturressursskatt. Framlegget inneber at selskapa betaler ei produksjonsavgift på 90 øre per kilo. Kommunesektoren skal få ein større del av inntektene frå auksjonane av nye konsesjonar.

Om det er nødvendig for at kommunesektoren skal få halvparten av grunnrenteskatten, vil det kome ei ekstraløyving til kommunane og fylkeskommunane. Denne blir fordelt mellom kommunane etter kostnadsnøkkelen i rammetilskotet.

Inntektene til kommunane kjem frå og med 2024.

Mottak og busetjing av flyktningar

Regjeringa gjer framlegg om fleire tiltak for 2023 som skal bidra til auka busetjing av flyktningar og for at fleire flyktningar kjem i arbeid og aktivitet.

Kommunane vil m.a. i år få tilskot med kr 50 000,- for kvar flyktning som dei buset utover dei flyktningane som IMDi har bede kommunen om å busetje. Dette kjem i tillegg til dei ordinære tilskota kommunane mottok til arbeidet med busetjing og integrering.

Tilskot for å busetje flyktningar med særskilde behov blir auka. Det er også framlegg om tilskot for å gi utvida norskopplæring ved behov. I tillegg kjem prisjustering av integreringstilskotet og det særskilde tilskotet ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar.

Tilskot til istandsetting, bygging og kjøp av utleigebustader

Tilskot til utleigebustader er eit viktig tiltak for å auke kommunane sin kapasitet m.o.t. flyktningar og vanskelegstilte på bustadmarknaden. Regjeringa gjer framlegg om å gjeninnføre tilskotet med ei tilsegningsramme på kr 400 mill. i 2023. Det er nytt i år at tilskotsordninga til kommunane også omfattar istandsetting av bustader. Ordninga blir administrert av Husbanken.

Investeringstilskot til heildøgns omsorg

Det har vore stor etterspurnad etter investeringstilskotet til heildøgns omsorg i 2023. Regjeringa gjer framlegg om å auke løyvinga med kr 200 mill. i 2023. Framlegget inneber om lag 1000 plassar i tillegg til dei om lag 500 plassane som det allereie er gitt tilsegn om i år.

Kommuneopplegget for 2024 - generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 4,4 mrd. og kr 4,7 mrd. frå 2023 til 2024. Veksten er rekna frå det pårekna inntektsnivået i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Det inneber at kompensasjonen i revidert nasjonalbudsjett på kr 2,1 mrd. (kr 1,6 mrd. + kr 0,5 mrd.) inngår i grunnlaget for veksten. Mellombelse tiltak er korrigerende ut av veksten.

Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2023 til 2024 vil difor kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet kjem også som eit tillegg til realauken i dei frie inntektene.



Det kommunale skatteøyret for 2024 vil bli fastsett i statsbudsjettet for 2024. Det blir som tidlegare lagt opp til å fastsetje skatteøyret på grunnlag av målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Veksten i dei frie inntektene må finansiere auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga, blant anna auken i dei eldre aldersgruppene. Den delen av veksten i demografikostnader som må bli finansierte av vekst i dei frie inntektene, er førebels rekna til kr 3,1 mrd. for kommunane.

Veksten i dei frie inntektene må også finansiere auka pensjonskostnader. Departementet har lagt til grunn auke med kr 1,1 mrd. i kommunane sine pensjonskostnader utover pårekna lønsvekst i 2024. Det er stor uvisse til overslaget for pensjonskostnader. Departementet vil oppdatere overslaget for pensjonskostnader i statsbudsjettet til hausten.

Det vil kome oppdaterte overslag for demografikostnader i juni. Det er særleg stor uvisse til demografikostnadene som følgje av flyktningsituasjonen. Overslaga for demografi- og pensjonskostnader kan difor bli annleis enn det som no blir lagt til grunn i kommuneproposisjonen. Dersom det blir vesentlege endringar i overslaga, vil framlegget til vekstintervall i frie inntekter for 2024 (kr 4,4 mrd. – kr 4,7 mrd.) også bli justert.

Innafor veksten i dei frie inntektene for kommunane i 2024 skal det også vere rom for ei satsing med kr 150 mill. til arbeidet med psykisk helse og rus. Regjeringa planlegg å leggje fram ein ny opptrappingsplan for psykisk helse i 2023. Målsetjinga er å bidra til at fleire skal få god psykisk helse. Dei som har psykiske helseplagar eller lidingar skal få hjelp. Kr 150 mill. av veksten i kommunane sine frie inntekter i 2024 er difor grunngitt med auka innsats på psykisk helse- og rusområdet.

I veksten i frie inntekter inngår også kr 100 mill. i kompensasjon til dei kommunane som taper mest på innføringa av gradert basiskriterium i inntektssystemet. Dette vil vi omtale nærare i punktet om inntektssystemet.

Barnevernsreforma

Barnevernsreforma trådde i kraft 1. januar 2022. Reforma gir kommunane auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Kommunane har som ein del av reforma fått auka finansieringsansvar for ordinære fosterheimar m.m.

Det er overført kompensasjon gjennom auke i rammetilskotet for det auka ansvaret. Kompensasjonen over rammetilskotet vil over tid bli fordelt etter kostnadsnøkkelen for barnevern og vil kunne avvike noko frå dei faktiske utgiftene for den einskilde kommune. For å dempe overgangen for kommunar som har høge utgifter, blir halvparten av kompensasjonen fordelt særskilt i perioden 2022-2024 etter faktisk bruk av tiltak basert på rekneskapsåret 2020. Alle midlane vil frå og med 2025 bli fordelte etter kostnadsnøkkelen for barnevern.

Skjønstilskot

Basisramma for skjønstilskot blir fordelt mellom kommunane av statsforvaltarane. Ramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet er kr 800 mill. i 2023, av dette kr 139,1 mill. til Vestland.

Basisramma i 2024 for skjønstilskot i landet blir vidareført på same nivå som i 2023, kr 800 mill.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.



Naturskade

Retningslinene for at departementet skal gi skjønstilskot i samband med naturskade blir vidareført som tidlegare. Kommunar som har utgifter etter naturskade som samla er over kr 250,- per innbyggjar, kan få kompensasjon som utgjer halvparten av utgiftene. Dersom utgiftene er over kr 500,- per innbyggjar, kan kommunen få kompensasjon som dekker alle utgiftene over kr 250,- per innbyggjar.

Inntektssystemet

Framlegget til endringar i inntektssystemet har vore på høyring. Regjeringa tok opphavleg sikte på å kome med framlegg til nytt inntektssystem i kommuneproposisjonen, med verknader frå 2024.

Regjeringa kjem ikkje med framlegg til endringar i inntektssystemet no då det er behov for meir tid til utgreiing og vurdering. Det vil bli lagt fram ei melding til Stortinget våren 2024. Framlegg til endringar i inntektssystemet vil kome i statsbudsjettet for 2025. Endringane vil difor først tre i kraft frå budsjettåret 2025.

Vi viser til vårt brev av 6. oktober 2022 om statsbudsjettet 2023 med omtale av komponentane i inntektssystemet.

Kompensasjon for gradert basistilskot

Tidlegare var basistilskotet i utgiftsutjamninga i inntektssystemet eit likt beløp for alle kommunar. Eit basistilskot tek omsyn til smådriftsulemper. År 2016 var det siste året med likt basistilskot for alle kommunar. Tilskotet var kr 13,2 mill. for kvar kommune i det året. I endringane av inntektssystemet i 2017 vart det blant anna innført ei gradering av basistilskotet. Graderinga er knytt til reiseavstand.

Regjeringa gir framlegg om ein samla kompensasjon i 2024 med kr 100 mill. til dei kommunane som har størst tap som følgje av graderinga av basistilskotet. Kompensasjonen blir gitt til kommunar med netto tap ut over kr 300,- per innbyggjar. Kompensasjonen blir om lag 1/3 av netto tap ut over kr 300,- per innbyggjar.

Kompensasjonen blir gitt som ein eittårig kompensasjon i 2024 med særskilt fordeling, jamfør at det er lagt opp til nytt inntektssystem frå 2025.



Det er lagt opp til kompensasjon til følgende kommunar i Vestland i 2024, kr 1000,- :

Etne	706
Sveio	739
Fitjar	1089
Kvam	441
Samnanger	947
Vaksdal	313
Osterøy	501
Austrheim	1300
Årdal	987
Fjaler	89
Gloppen	495
Stryn	<u>10</u>
Sum Vestland	<u>7617</u>

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Kåre Træen (57643004) hjå Statsforvaltaren, eventuelt på e-post.

Vedlegg

Dokumentet er elektronisk godkjent